Blad i postabonnement

BLAD

**Returadresse:**
**Kyrkjebakken**
**Austrheimsvegen 1258**
**5943 Austrheim**

# Austrheim kyrkje
# Open kyrkje




**Torsdag, fredag, lørdag og søndag**
**Kl. 14.00 – 18.00**

**03 - 27. juli**

*Kyrkjebakken nr. 5 – 2025 – juni – årgang 54- Nytt stoff innan 15.august*





# KYRKJEBAKKEN
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Stein Hugo Fykse | 909 60 154 |
| Kyrkjeverje Jostein Hauge | 404 66 211 |
| Organist Lyder Minde Janøy | 930 52 962 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 413 08 558 |
| Soknerådsleiar | |
| Helge Dyrkolbotn | 416 62 610 |
| Trusopplærar | |
| Amelie K. Storebø | 483 57 027 |

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Jostein Hauge, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal, |
| | Britt Rebnord, |

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as



# Gudstenester

**I AUSTRHEIM SOKN**

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

**29.juni**
**Gudsteneste kl. 12.00**

**20.juli**
**Gudsteneste kl. 17.00**

**03.aug**
**Gudsteneste kl. 12.00**

**17.aug**
**Fonnesdag**
**Gudsteneste i teltet kl. 12.00**

**27.aug**
**Bygdatreff kl. 11 - 13**

**31.aug**
**Konfirmantpresentasjon**
**kl. 12.00**

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

| Frist innlevering: | Kyrkjebakken kjem ut: |
|---|---|
| 15.august | 27.august |
| 12.september | 24.september |
| 17.oktober | 29.oktober |
| 14.november (julenummer) | 26.november (julenummer) |





# Lær meg å kjenne dine veie

Har du auga på målet? Skal ein ha auga på målet må ein løfte opp hovudet. Sjå for deg eit fjell som er målet ditt. Du kan sjå målet langt der framme, men det kan vere mange forskjellige dalar mellom som du ikkje ser verken kor djupe eller breie eller lange dei er. Men har du auga på målet veit du kor du skal. Du kjenner ikkje heile vegen, men går mot eit mål. Me syng: "midt i nattens mørke blinker som eit fyrlys Jesu navn".
Jesus er lyset som ein går mot. Det er lett å misse motet på seg sjølv.
Eg kan sjølv seie at eg ofte kan stole på Gud, men tviler på meg sjølv. Det kan og smitte over til kva som er mogeleg for Gud. Alt er mogeleg for Gud, men det er umogeleg for han å bruke meg. Det er tvilen på meg sjølv som er opphavet, men det går ut over biletet av Gud. Er det noko som ein møter i bibelen igjen og igjen er det at Gud bruker dei som du minst venta det. Dei 5 første bøkene i bibelen er kalla opp etter Moses. Ein bauta i bibelen. Men då han fekk oppdraget sitt frå Gud var svaret: *" 10 Men Moses sa til Herren: «Høyr, Herre! Eg har aldri vore ein mann av ord, korkje før eller no, etter at du byrja å tala til tenaren din. Sein er min munn, og sein er mi tunge.» 11 Då sa Herren: «Kven gjev mennesket munn? Kven gjer stum eller døv, sjåande eller blind? Er det ikkje eg, Herren? 12 Gå no! Eg skal vera med din munn og læra deg kva du skal seia.»*". Moses hadde ikkje tru på seg sjølv, men Gud kunne bruke han. Det gjeld å la Gud fylle deg, leia deg og gje deg råd. David formidlar Gud så flott i ein læresalme: *8 Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå, eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd. Salme 32.* Du går ikkje åleine. Det gjeld både dei små ting og dei store ting i livet. Men er du villig til å la deg leie? Lær meg å kjenne dine veie. La Gud få bruke deg, og ikkje sett deg som hinder. Moses argumenterte mot å bruke han, men sjå kva Gud kunne gjere. Paulus var fullstendig motstandar mot dei kristne, men Gud kunne bruke han til forkynnar. La oss vere lys, og la Jesus skinne gjennom oss. Dess meir me søker Guds rike og kjenner hans vilje – så kan han leie oss på den riktige veien. Me må bare hugse å ha auga på målet – hold auga på Jesus Kristus.

***God sommar***

Jostein Hauge
Kyrkjeverje





# Austrheim kyrkje 160 år

Open kyrkje med utstilling i juli
torsdag - søndag kl. 13-18

Søndag 21.september kl. 18.00
Konsert med Jon Martin Skauge

Mandag 18.august kl. 19.00
Kjerringrokken Temakveld med Frode Brügger Sætre

Torsdag 24.september kl. 19.00
Temakveld med Stein Hugo Fykse

Søndag 19.oktober kl. 19.00
Salmekveld med forsongargruppa

Mandag 03.november kl. 19.00
Kjerringrokken Temakveld med Mona Rosvold

Søndag 07. des kl. 18.00
Julekonsert med Forsongargruppa, Tiriltunge
og Austrheim Seniorkor



NB: med attehald om endringar.
Følg med i kyrkjebakken, heimeside og facebook








# Austrheim sokn

## Gravlagde

02.05 Rune Fonnes f.1950

13.05 Hans Adolf Johansen f.1943

27.05 Solveig Karin Hopen f. 1949

## Døypte

06.05 Elly Alisa Danielsen

29.05 Olav Brørvik Lerøy
Peter Fonnes Gjelsvik

08.06 Hermine Rustad-Strømsnes

## Vigsel

10.05
Helene Austrheim Sætre
og Michel Voors

26.05
Benedicte Iversen Håland
og Rachael Elizabeth Lawrence

### Hjartleg takk

for all medfølelse, helsingar og
blomster i forbindelse med vår
kjære mor, Bjarnhild Olga Fonnes,
sin bortgang.

Takk til alle som var med oss på
Leirvåg Bedehus og sytte for ein fin
og minneverdig seremoni.
Også takk til personell på
Nordliheimen og Heimesjukepleien
for pleie og omsorg dei siste åra
mor levde.

*Helsing May Britt, Heidi
og Beate Fonnes m/familier*

### Hjartleg takk

Hjertelig takk for oppmerksomheten
på 80 dagen min
Takk til diakoninemnda for
hjertesjokolade som Britt kom med

*Helsing Marit Totland*

### Takk

Vi ynskjer å takka alle som deltok
i gravferda til Øystein Vikane.
Takk til dei som bidrog med ord og
musikk. Takk for blomster og gode
gåver til Stefanusalliansen.

Vi vil også få sende ein varm takk
til heimesjukepleien, Nordliheimen
og vennar for god hjelp og støtte.

*Helsing familien*






# Misjonsforeninga Kjerringrokken inviterer til



# TEMAKVELD / SOSIAL SAMLING

## På Kyrkjelydshuset, måndag 18.08.25, kl 19:00

Frode Brügger Sætre er misjonær for NMS i Mali og Elfenbenkysten. Han er no heime på ferie og vil fortelje om arbeidet han står i og oppdatere oss om ting som skjer i området der.

***"Mini basar" med åresal der inntekta går til misjonsprosjektet som Frode jobbar for.***

Kveldsmat med smørjemåltid
og tid til ein prat!

## Velkomne!



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller

SKARSVÅG Rør og Interiør as

Per Kenneth Bø BYGGMESTER

Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service

Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal. Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland · Marita Haukeland · Sølvi H. K. Mjøs · Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



# KONFIRMANTÅRET



No er konfirmantåret avslutta med to flotte konfirmasjonar og 28 flotte konfirmantar. Året starta på hausten i fjor med presentasjon og så har vi hatt gode stunder i lag på kyrkjelydshuset, på Fedje, i Knarvik på konfirmantfestival og ikkje minst på Raknestunet på leir. Gjennom året har det vore undervisning, samtalar, leikar og god mat. Målet med samlingane er å bli betre kjend med trua, med bibelen, med seg sjølv og med dei andre. Takk for eit flott år saman.

***Helsar med eit bibelvers frå salme 37, 5«Legg din veg i Herrens hand! Stol på han, så grip han inn.»***






# ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

| | |
|---|---|
| Heilside | 1000,- |
| Halvside | 500,- |
| 1/3 side | 350,- |
| 1/4 side | 250,- |
| Små annonser | 150,- |
| Takkeannonser | GRATIS! |






# Min Salme

Tove Daae



## *Salme 845, Så grønn en drakt.*

Så er vi for lengst inne i den lyse årstid. Påskeliljene som lyste så fint over gravene, er vekke og erstattet med nye vekster. Men i den kronglete verden vi lever i, er det godt å ta med seg at påskens budskap gjelder – alle dager – hele året.

I Hasle kirke er det et vevd teppe som alterduk, laget av Kari-Bjørg Ile. Det viser Kristus – oppstått fra graven – med utstrakte hender, full av seier og livskraft, omgitt av strålende farger.

«Deg være ære, Herre over dødens makt – Evig skal døden være, Kristus underlagt». Nå har vi sommer, og det er denne tiden på året vi gleder oss sånn til – i hvert fall jeg. Vi har lys og sol og varme, og det er som vi håper at disse ukene ikke må gå så fort, men vare lenge.

Og vi ser hvor fantastisk Gud har skapt landet vårt. Kunne bare alle få oppleve denne gleden i sine land.

Vi har så mange fine vår-, pinse- og sommersalmer fylt av håp og glede. En av disse er salme 845, Så grønn en drakt.

Teksten er skrevet av forfatteren og lyrikeren Carl David af Wirsén, og den flotte melodien er laget av komponisten og organisten Waldemar Åhlen.

*God sommer!*





# Sakna skåler

**Har du vore på tilstelning på Kyrkjelydshuset og teke med restemat i ei glasskål ?**

Vi hadde mange skåler i forskellige størrelser, no er detnesten ingen! Har du noko du har gløymt å levere tilbake blir vi glad om du stikk innom med det. Sett det på kjøkkenet nede ellerlever det på kontoret.



# Bygdatreff





Atle Leirvåg viste bilete og fortalde frå ein flott tur han hadde hatt til Island for fleire år sidan. Det var avisa Strilen som stod bak invitasjonen til turen. Alle 45 som var på Kyrkjelydshuset var imponerte over dei flotte bileta.

Bodil Monslaup hadde også vore på Island for ikkje så altfor lenge sidan. Ho hadde greidd å oppspore grava til ein slektning i Monslaupen som ho viste gravstøtta av.

Ein fin føremiddag med mykje interessant å høyra som avslutta med mat og kaffi. Rune leia som vanleg, og Jan Foss trylla fram fine tonar.

No har Bygdatreffet sommarferie, men vi ser fram til ein flott haust saman.

***Oppstart blir onsdag 27.august. Du er hjarteleg velkomen***




Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr




Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.

BOSCH Service

Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

BOSCH Service

Car Service

BoschCarService.no

For everything your car needs.


## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



**Hovudbiblioteket**
Tysdag 10 - 15
Onsdag 14 - 19
Fredag 10 – 15

**Fonnes filial**
Torsdag i oddeltalsveker
10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule.
Inngang ved den gamle naturfagsalen,
i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

**GOD BOK**



**KREFTKOORDINATOR:**
Tove Kristin Sleire Tistel
Tlf: 40 90 02 16
Sætremarka 2 -k-hus
Tysdag ,Torsdag

**DEMENSKOORDINATOR:**
Åshild Sandvin Olsson
Tlf: 96 62 66 56
Sætremarka 2 -K-Hus
Tysdag , Onsdag og Torsdag

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

**Legevakt 116117**

**AUSTRHEIM LEGEKONTOR**
Fra 1. april blir det utvidet telefontid ved legekontoret.
**Telefonen vil da opne**
**kl. 08.30 mandag til fredag.**
**Torsdag er det kl. 09.00 .**
**Så da blir telefontiden som følger:**
**Mandag til fredag:**
**08.30-12.00 og kl. 13.00-14.00,**
**Torsdag: 09.00-12.00 og 13.00-14.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**ÅRÅS HELSESTASJONEN**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster tlf. 56 16 82 11**
**Jordmor:**
**tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)**
**Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13**

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

| | |
|---|---|
| **Nordliheimen :** | **56 16 20 40** |
| **Nordliheimen /kjøkken:** | **56 16 20 49** |
| **Vestlia:** | **56 16 20 55** |
| **Heimesjukepleien:** | **56 16 21 23** |
| **Forvaltningskontoret :** | **56 16 21 42**<br>**56 16 21 38** |
| **Høyrselskontakt i Austrheim** | **56 16 21 23** |